



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 06.06.2019
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
019/2019	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
020/2019	Tilskot til drift og vedlikehald av veglysanlegg på Rossnesvegen, Kjenesvegen og Risesvegen
021/2019	Søknad om tilskot frå næringsfondet - framføring av straum til ny driftsbygning
022/2019	Ekstraordinære tilskotsordningar 2019 - retningslinjer
023/2019	Rekneskap og årsmelding 2018
024/2019	Disponering av mindreforbruk 2018
025/2019	Tertialmelding januar - april 2019
026/2019	Budsjettregulering vår 2019
027/2019	Kommunal garanti for lån Aufera AS
028/2019	Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring
029/2019	Sambandet Vest - forslag til planprogram for kommunedelplan
030/2019	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

29. mai 2019

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/1497	19/8646

Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Saksopplysingar:

Bakgrunn

David Pletten Aasgard har meldt frå at han har flytta ut av Radøy kommune, og han søker om fritak frå politiske verv i kommunen for resten av perioden.

David Pletten Aasgard er medlem i kommunestyret, han er medlem i kontrollutvalet i Radøy - det siste året som nestleiar, og han er kommunalt valt medlem i Samarbeidsutvalet ved Radøy ungdomsskule.

Når ein folkevald flyttar ut av kommunen krev kommunelova at vedkomande trer ut av politiske verv i kommunen.

David Pletten Aasgard representerer KrF i Radøy kommunestyre. Ved suppleringsval til kommunestyret er det automatisk opprykk frå den same grupperinga vedkomande er valt inn for. Det inneber at Finn Frantzen som 1. varamedlem vert fast medlem i kommunestyret i resten av perioden.

Vidare vert det gjort tilsvarende opprykk på varamedlemslista.

Ved utskifting av eitt eller fleire medlemmar i Kontrollutvalet krev lova at det skal gjerast nyval av samtlege medlemmar i utvalet, jf Forskrift om kontrollutval § 3:

Kommunestyret eller fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer. Ved utskifting av ett eller flere medlemmer av utvalget skal det foretas nyvalg av samtlige medlemmer i utvalget.

Kommunestyret må dermed velja medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet, og skal også velja leiar og nestleiar i utvalet.

Saka vert lagt fram for formannskapet som valstyre, som skal koma med innstilling til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Einar Færø	16/1147	19/7275

Tilskot til drift og vedlikehald av veglysanlegg på Rossnesvegen, Kjenesvegen og Risnesvegen

Saksopplysingar:

Risnes krins grunneigarlag ynskjer å medverka til å betra tryggleiken i sitt nærrområde gjennom eit veglysprosjekt. På initiativ frå grendalaget og privatpersonar er det sett opp ein del lampar dei seinare åra, men det manglar framleis ein god del for at det skal verta ei samanhengande lysrekkje. Laget har difor vore i kontakt med BKK som har gjeve eit overslag på kostnadane med etablering av til saman 19 nye lampepunkt. Kostnad kr 310 200,-.

Grunneigarlaget skriv at vegane har liten breidde, er til dels dårleg opplyst og ikkje særleg trygge for skuleelevar eller mjuke trafikantar generelt. Dei fleste elevane på barneskulen har ikkje rett på fri skuleskyss.

15 stk lys er plassert på fylkesvegen og 4 stk på kommunal veg. Grunneigarlaget søker primært om at Radøy kommune overtek driftsansvaret for dei 19 lampene, men vonar også at kommunen vil vera med på eit spleiselag for prosjektet.

Grunneigarlaget har i sitt budsjett for 2019 sett av kr 25 000,- til prosjektet og har vidare utfordra grendalaget til å vera med å ta del. Dei har også søkt til Sparebanken Vest om tilskot.

Vurdering

Forsking syner at veglys reduserer talet på dødsulukker i mørke med ca 65%. For fylkesvegar er praksis i dag at fylkeskommunen ikkje har avsett midlar til veglys. I praksis er det difor kommunen som må kosta oppsetjing og drift av lys på fylkesvegar og kommunale vegar. Driftskostnadane kan grovt reknast til kr 1000,- pr punkt pr år.

I trafikksikringsplanen til Radøy kommune heiter det (sitat):

Det vert sett av ein fast sum kvart år som kan gå til veglys på skuleveg. Det vert administrasjonen si oppgåve å iverksetja tiltaka og det er sett fokus på å tetta hol på strekningar der det manglar nokre

lys for å få ei kontinuerleg rekkje.

Lys på den aktuelle strekninga er ikkje omtala som tiltak i trafikksikringsplanen. Ulike trafikksikringstiltak er vurdert og prioritert av trafikksikringsplanen og her er fleire strekk med veglys. Dersom kommunen skal bidra til oppsetting av lys bør dette forankrast i trafikksikringsplanen.

Det er ikkje pengar på driftsbudsjettet til drift av veglys på den aktuelle strekninga. Dette vil kunne løysast ved avtale om at overtaking av drifta av eksisterande lys skjer frå 01.01.20. Det er då også mogleg å gjera positivt vedtak om overtaking og drift av dei eventuelle lysa grunneigarlaget finn kapital til å føra opp i år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune overtek frå Risnes krins grunneigarlag drifta av eksisterande veglys og dei lysa som Risnes krins grunneigarlag fører opp i 2019.

Vedlegg:

Søknad om drift av nye veglys og søknad om tilskot til nye veglys i Risnes krins

Søknad veglys 2019

Oversikt veglys 2019

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2346	19/8568

Søknad om tilskot frå næringsfondet - framføring av straum til ny driftsbygning

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Jonny Soltveit har ved brev datert 02.10.18 søkt om støtte frå næringsfondet til framføring av straum til ny driftsbygning.

Soltveit har bygd ut fjøset og investert i ein ny mjølkerobot. Det viste seg at trafo med linjenett hadde for liten kapasitet til å kunne dekke straumforbruket for den nye mjølkeroboten. Soltveit må dekkje eigenandel for auken i kapasiteten på straumtilføringa og han søker på bakgrunn av dette om å få dekka deler av utgiftene frå næringsfondet. Søknaden er vidare grunngjeve med *at mi satsing innan landbruket har ringverknader for anna næringsliv, men også for lokalsamfunnet som får sjå dyr på beite og eit ope og stelt kulturlandskap.*

Eigenandel for trafo og linjekostnad er oppgitt til å vere kr. 81.725. Søknadsbeløpet frå næringsfondet er på kr. 60.000.

Ved brev datert 16.10.18 har Radøy kommune bede om at kostnadane vart dokumentert før saka vart fremma for politisk handsaming, med følgjande presisering:

Det må gå fram kva kostnadar som er knytt til trafo og kva som er knytt til linjenettet.

Ber også om at det vert presisert kva kapasitetsauke endringar i trafoen har fått og om dette vil eller kan kome andre næringsdrivande til gode. Dette vil kunne få betydning for handsaminga av saka.

I brev frå Jonny Soltveit med journaldato 06.05.19 går det fram at Soltveit ikkje har motteke brevet frå kommunen av 16.10.18 før den 29.04.19. I forkant av dette har søker vore i kontakt med kommunen og etterspurt saka.

Vedlagt i svarbrevet frå Soltveit er faktura frå BKK, der det går fram at eigenandel til anleggsbidrag

for flytting av linjestrekk og tilknytning til ny hovudtavle i påbygd fjøs, er på kr. 81.725. Ytterlegare spesifikasjon av utgiftene framgår ikkje. Soltveit opplyser sjølv at transformator er skifta frå 100 KVA til 200 KVA og at lågspenningslinje er forsterka. I brevet oppgir Soltveit at doblinga av kapasiteten på transformatoren *vil og kan kome andre næringsdrivande til gode.*

I formannskapssak 033/12 vart det fatta vedtak om retningslinjer for næringsfondet. Her går det fram at fondet primært skal nyttast til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det er også opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingstiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon. Dette er kommunen sine gjeldande retningslinjer, noko som også er stadfesta i fylkesmannen sitt brev av 26.10.2017.

Vurdering

Kva som er årsaka til at Soltveit ikkje har mottatt brevet frå kommunen datert 16.10.18 før i april 2019, er ikkje kjent. Det faktum at det har gått lang tid frå søknadstidspunktet til etterspurt dokumentasjon vart motteke, har ikkje betydning for fristar eller andre formalkrav.

I saksutgreiinga for vedtaket om retningslinjer for næringsfondet (033/12) går det fram at tilskot til verksemder normalt fell utanfor kva det skal bli gitt tilskot til. Linjestrekk og anna som berre gjeld gardsbruket til søkjar vil med dette i utgangspunktet falle utanfor kva næringsfondet skal dekkje. Utviding av trafo vil på den anna side kunne kome fleire næringsdrivande i området til gode, noko som søkjar presiserar i brevet der utgiftene blir dokumentert, og er med det vurdert til å kunne vere innanfor kva som kan støttast av næringsfondet.

Formannskapet handsama ei liknande sak 01.06.17 (FS 036/2017). Det vart her løyvd kr 100.000,- for å dekkje ekstra kostnader til trafo og straumframføring knytt til oppgradering av fjøs og mjølkerobot. Det vart i sakshandsaminga lagt vekt på at dette var eit infrastrukturtiltak med større kapasitet i straumforsyninga, som også ville kome andre aktørar til gode.

I samband med handsaminga av formannskapssaka vart rådmannen beden om å kome tilbake med ei utgreiing om bruk av næringsfondet knytt til infrastruktur i landbruket. På bakgrunn av dette la rådmannen fram sak i formannskapet om vurdering av retningslinjer for næringsfond - FS 08/2018. Konklusjonen i saksframstillinga var at *Rådmannen legg til grunn at eksisterande retningslinjer er tilstrekkelege, også i høve til infrastrukturtiltak i landbruket.*

Formannskapet fatta følgjande vedtak:

Retningslinjene for næringsfondet vert ståande uendra, slik dei går fram av FS 033/12.

Auka kapasitet i straumforsyninga som følgje av styrka transformator vert vurdert som eit infrastrukturtiltak som vil kunne kome andre til gode. Sett opp mot retningslinjer for næringsfondet og tidlegare liknande sak som er handsama av formannskapet, så vil søkjar kunne få støtte til det aktuelle tiltaket knytt til trafo. Linjeframføring til eige fjøs kjem i utgangspunktet inn under kva næringsfondet etter vedtektene er meint å kunne dekke og rådmannen rår til at utmåling av eventuell støtte ikkje omfattar slik utgift.

Kommunen har etterspurt, men ikkje motteke oversikt over kva kostnader som relaterer seg til trafo, (ut over ein samla kostnad på 81.725). I tidlegare formannskapssak om tildeling er det ikkje dokumentert kva for utgifter som relaterer seg til dei ulike tiltaka. Etter ei vurdering finn rådmannen at dokumentert oppsplitting av utgiftene ikkje bør settast som vilkår for tildelinga.

I mangel av andre haldepunkt vert infrastrukturtiltaka sett til å vere om lag halvparten av totale

dokumenterte utgifter.

Konklusjon

Delar av tiltaket vert vurdert som infrastrukturtiltak og vil kunne støttast av næringsfondet etter gjeldande retningslinjar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jonny Soltveit vert innvilga stønad frå næringsfondet med kr. 40.000,-.

Vedlegg:

Søknad kommunalt næringsfond (L)(218342)

Søknad kommunalt næringsfond (L)(194800)

Etterspurd dokumentasjon (L)(295408)

Anleggsbidrag - dokumentasjon

Søknad om støtte frå næringsfondet (L)(196942)

Retningslinjer for næringsfond - vurdering - formannskapet 25.01.2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/1271	19/8681

Ekstraordinære tilskotsordningar 2019 - retningslinjer

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har motteke fleire søknader om tilskot som fell utanfor dei ordinære ordningane for kulturmidlar, og som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet for 2019. Ei oversikt over innkomne søknader vart lagt fram som meldingssak i formannskapet 9. mai.

På bakgrunn av dette notatet tok ordførar Jon Askeland opp spørsmålet i formannskapet om å lysa ut ei tilskotsordning utanom ordinære ordningar. Ordføraren la fram ei mogleg skisse til ekstraordinær søknadsordning der lag og organisasjonar i Radøy kan søkja midlar til ulike investeringar/tiltak, basert på bestemte kriterier. Tilskotsordninga er tenkt som eit eingongstiltak i 2019.

Formannskapet slutta seg til ordføraren sitt innspel, og gav ordføraren i oppdrag å utarbeida eit notat om dette til neste møte i formannskapet.

Ordføraren har på dette grunnlaget lagt fram følgjande notat til drøfting og vedtak:

Radøy kommune løyver kr 2.000.000,- av mindreforbruk 2018 til søkbar tilskotsordning til lag og organisasjonar.

Vilkår for ordninga:

- Ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstiltak til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.
 - Det vert sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vert 1 000 000 sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løyving pr tiltak og kr 500 000 kr til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løyving pr tiltak.
 - Det vert sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løyving på 75 000 kr pr lag.

Dersom det ikkje er søknader på begge ordningar, kan det løyvast til den andre ordninga innan totalramma.

- Søknaden skal innehalda ein omtale av tiltak, og budsjett for tiltaket.
- Alle fire bygdelaga skal verta tilgodesett (føresett at det kjem søknader).
- Rådmannen administrerer og lyser ut ordninga. Søknadsfristen vert sett til 1. september. Formannskapet gjer endeleg vedtak i saka.
- Midlane vert utbetalt når vedtaket er gjort. Tiltaka skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket.
- Unytta midlar eller midlar nytta i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. mars 2021.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting og vedtak.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/2490	19/7109

Rekneskap og årsmelding 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Rådmannen legg med dette fram rekneskap og årsmelding for 2018 til godkjenning. Rekneskapen er avslutta pr 15.02.2019 og årsmeldinga er datert 22.03.2019. Revisjonsmeldinga datert 27.03.2019 er lagt inn som ein del av rekneskapsdokumentet.

Kontrollutvalet handsama rekneskap og årsmelding i møte 3. april 2019. Av uttalen går det fram at rekneskapen med notar og spesifikasjonar, saman med årsmeldinga, gir god informasjon til brukarane og kommunestyret. Revisjonsmeldinga har ingen atterhald, og av revisjonsrapporten går det fram at rekneskapen er godt dokumentert og avstemt. Kontrollutvalet har ingen merknader til årsrekneskapen for 2018.

Konklusjon

Rådmannen rår til at rekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent slik dei ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Rekneskapsdokument 2018

Årsmelding 2018

Møteutskrift Kontrollutval Radøy rekneskap 2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/78	19/7116

Disponering av mindreforbruk 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Årsrekneskapen for 2018 synte eit mindreforbruk på kr 21.431.337. Pr 1.1.2019 står denne summen i balansen som «Rekneskapsmessig mindreforbruk».

Av balansen går det også fram at disposisjonsfondet er på **kr 23.495.261**. Dette er fordelt slik på «øyremerka» fond:

Fritids- og avlastingstilbod	203 100
Ungdomskommune	64 150
Nynorskspris	60 713
Integrering av flyktningar	4 875 359
Omstilling til ny kommune	4 827 299
Nærings- og infrastrukturfond	2 567 366
Fritt disposisjonsfond	10 897 275

«Øyremerking» av fond inneber at kommunestyret har lagt føringar på bruken. Men dette er ikkje bindande, og kommunestyret kan når som helst fjerna eller omdefinera bruken.

I budsjettet for 2019 er det føresett brukt kr 14.033.000 av eksisterande disposisjonsfond. Det betyr at disposisjonsfondet vil vera redusert til om lag 9,2 mill gjennom budsjettert bruk i 2019. Dette inneber ei betydeleg svekking av kommunen sin økonomiske handlefridom, og rådmannen meiner difor at mindreforbruket i 2018 fullt ut må tilførast fritt disposisjonsfond.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokført mindreforbruk frå 2018, kr 21.431.337 vert sett av til fritt disposisjonsfond.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/1122	19/7856

Tertialmelding januar - april 2019

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram tertialmelding pr april 2019, i form av eit eige dokument som er lagt ved saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – april 2019 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

T1_2019_v2

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	19/7855

Budsjettregulering vår 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Rådmannen syner til framlagt tertialmelding for perioden januar – april 2019 og statusrapport på investeringar pr april 2019. Det går fram av dokumenta at det vil vera trong for noko regulering av budsjettet for 2019, og rådmannen legg med dette fram sak om budsjettregulering.

Skjema 1A – frie inntekter.

I høve til vedteke budsjett i desember, vert **rammetilskotet** redusert som følgje av nedgang i folketalet. I budsjettmodellen som låg til grunn i haust, var det føresett eit folketal på 5.135 pr 1.1.2019, men det faktiske folketalet vart 5.091. Dette går ut over inntektsutjamninga, då vår del av skatteinngangen på landsplan vert lågare. Skilnaden utgjer om lag 1,5 mill. I tillegg kjem det ein reduksjon i rammetilskotet på kr 215.000 som følgje av budsjettvedtaket på Stortinget i desember, slik at samla reduksjon av rammetilskotet blir om lag kr 1,67 mill. Om lag kr 200.000 av det reduserte rammetilskotet kjem att som øyremerka tilskot til skulane.

På den andre sida er det grunnlag for ein forsiktig auke på kr 282.000 i **skatteinngangen**, der vi pr april ligg også noko over pårekna budsjett.

Eigedomsskatten vert derimot lågare enn føresett. Dette skuldast fleire tilhøve, dels korrigerering av eigedomsskatt frå tidlegare år etter klage, dels redusert skattegrunnlag etter omtaksering takstnemnda har gjort for ein del næringseigedomar, i samband med bortfall av reglane for eigedomsskatt på verk og bruk. Vi vil få kompensasjon for deler av bortfallet, men den nøyaktige summen er ikkje kjent enno. Førebels er det lagt til grunn at den kommunale eigendelen vert kr 16 pr innbyggjar. For 2019 er bortfallet av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar rekna til kr 51.643, medan eigendelen er rekna til kr 11.618. Netto kompensasjon for 2019 vert såleis om lag kr 40.000. Etter sju år vil vi nå full effekt, der bortfall av eigedomsskatt utgjer kr 361.505, eigenandelen kr 81.328 og netto kompensasjon kr 280.177. Det kan bli mindre justeringar av eigendelen når

nøyaktige tal er kjende for alle kommunar.

Faktisk utbetalt aksjeutbytte frå BKK i 2019 vart 1,738 mill høgare enn budsjettert, som følgje av eit godt driftsår med gode straumprisar for BKK.

I skjema 1A er det også lagt inn bruk av disposisjonsfond kr 2.066.000 til inndecking av netto tilleggsøyving som går fram av denne saksutgreiinga.

Skjema 1B – drift.

Når det gjeld drifta, ser rådmannen førebels ikkje trong for regulering av løyvinga til **Stab og fellestenester**.

Innan **oppvekst** ser rådmannen trong for å be om ei auka løyving på kr 853.000. I dette ligg ekstra ressursar til Hordabø skule, grunna auka innsats. Vidare var det på Bø barnehage gjort ein feil i budsjettgrunnlaget, slik at det mangla lønsmidlar til vikarar.

Det har også skjedd ein feil i budsjettgrunnlaget slik at løyving til nye datamaskinar til elevane har falle ut. Det er planlagt nye maskiner til alle elevane over ein periode på tre år, med årleg kostnad om lag kr 500.000.

Ved Sæbø skule er det trong for å leggja fram straum til tilfluktsrommet, slik at lokala kan varmast opp og dermed nyttast til lager m.v. Dette er kostnadsrekna til om lag kr 40.000.

På inntektssida vil det koma inn om lag kr 200.000 meir i statlege tilskotsmidlar enn budsjettert.

Også innan **helse og omsorg** er det trong for noko regulering av budsjettet. Rådmannen ber om ei samla tilleggsøyving på kr 191.000 til helse og omsorg. Dette omfattar løyving til kommunepsykolog, som ved ein feil fall ut av budsjettet. Pårekna netto kostnad, inkl pårekna refusjon foreldrepengar er kr 531.000. Det er også nokre mindre justeringar i sektoren, som netto gir ei innsparing på kr 166.000. I tillegg gav den endelege utrekninga av tilskot til ressurskrevjande brukarar for 2018 ei meirinntekt på kr 274.000. Dette vart først avklåra etter at rekneskapen for 2018 var avslutta, og inntekta kjem såleis på 2019.

Av budsjettdokumentet for 2019 går det fram at kommunestyret ønskjer ein investeringsplan for RIB. Som ei førebuing til ein slik plan, ønskjer rådmannen ei utgreiing kring alternativ lokalisering av RIB, m.a. om det noverande bygget til Prestmarka barnehage vil kunna vera tenleg for RIB. Kostnadene ved ei slik utgreiing er førebels uvisse, men rådmannen ønskjer å nytta avsette midlar på omstillingsfondet til føremålet, slik at ein ikkje belastar driftsramma for 2019.

Drift og forvaltning

Det er trong for ytterlegare løyvingar til vedlikehald av kommunale vegar, bygg og anlegg. Dette gjeld mellom anna omsorgsbustadene, Prestbrekka, elektriske anlegg i Radøyhallen og teknisk stasjon. Rådmannen ber om ei ekstra løyving på kr 500.000 til vedlikehald, og ber om fullmakt til å disponera denne tilleggsøyvinga.

Vidare vart kostnadene til brøyting og strøing av vegar noko høgare enn føresett i vinter, og rådmannen meiner at det her trengst ei tilleggsøyving på kr 500.000.

Ved frivilligsentralen vil ein få auka lønskostnader frå hausten, grunna tilsetjing av ny leiar for sentralen, i tillegg til ei mindre justering. Dette utgjør om lag kr 46.000 for 2019.

Kostnadene til reinhald ved nye barnehagelokale i Solhall vil auka, grunna større areal som skal haldast reint. Det er trong for 50% stilling ekstra. For 2019 vert meirkostnaden om lag kr 76.000 inkl arbeidsgjevaravgift.

Samla meirkostnad drift og forvaltning, inkl utvida vedlikehaldsramme er kr 1.122.000.

Investering

Av statusrapporten for investeringar pr april 2019, går det fram at det er trong for noko justering av investeringsbudsjettet for 2019.

Til prosjekt K67601, **Tiltak iht trafikksikringsplan**, er det løyvd 2 mill for 2019. Det er arbeid med ei betre trafikkløysing ved Sæbø barnehage, og kostnadene ved denne vert om lag 2,4 mill.

I 2018 var det føreset at det skulle opp veglys i Trevegen, men dette vart først utført i 2019, til ein kostnad av om lag kr 750.000. Vidare er det ønske om veglys frå Solend til Sævdal, kostnadsrekna til kr 1.200.000. Ved Sævdal må det også gjerast ein del støyparbeid mv., kostnadsrekna til kr 150.000. Samla kostnader til trafikksikringstiltak vert såleis 4,75 mill, og det trengst difor ei tilleggsløyving for 2019 på kr 2.750.000 til desse tiltaka.

Prosjekt K21401 **Sæbø skule uteområde** var inne i 2018-budsjettet, men ikkje i 2019. Arbeidet vart slutført i 2019, og det har kome på ekstra kostnader på kr 300.000 til drenering og asfaltering.

Radøy ungdomsskule oppgradering, prosjekt K21901, har ei løyving på kr 500.000 i budsjett 2019, og var planlagt nytta til oppgradering av naturfagsalen. For å få tenlege løysingar, må det gjerast meir arbeid enn først planlagt. Dette gjeld mellom anna ventilasjon og framføring av straum. Prisoverslaget er på 1,6 mill inkludert 20% uføresett og prosjektleiing. Det må såleis løyvast ytterlegare 1,1 mill til dette prosjektet.

Prosjekt K48001 **Turveg/Lysløype Manger** har ei løyving på 3,1 mill i 2019. Det er no ønske om å løysa ut opsjon på terrasse ved badeplassen, gjera endringar i etappe II, fullføra etappe III og få lys i heile løypa. Vidare er det uttrykt ønske om utetreningsapparat i tilknytning til løypa. Samla meirkostnad ved desse tiltaka vert om lag kr 2.400.000. Det er også lagt inn kostnader ved framføring av straum til Klesvika kr 150.000.

Ved **Bø barnehage** vert arbeidet med ny barnehage starta opp i sommar, med ei pårekna byggetid på 18 månader. I budsjettet er det sett av 47 mill, noko som er langt meir enn det som vil gå med i 2019. Ved å redusera løyvinga til Bø barnehage med 6,85 mill i 2019, gir dei samla endringane nullverknad på finansieringstrongen for 2019. Rådmannen vil likevel peika på at verknaden kjem i 2020, då løyvingane til Bø barnehage må aukast tilsvarande i høve til vedteken økonomiplan.

Konklusjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett 2019 vert endra i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A, 1B, 2A og 2B

Drift skjema 1A og 1B

Skjema 1A

Redusert eigedomsskatt	400 000
Auka utbytte BKK	(1 738 000)
Redusert rammetilskot	1 669 000
Kompensasjon borfall verk og bruk	(40 000)
Auka skatteinngang	(282 000)

Bruk av disposisjonsfond	(2 075 000)
Sum endring skjema 1A	(2 066 000)

Skjema 1B

Sum stab og fellestenester	-
Sum oppvekst	853 000
Sum helse og omsorg	91 000
Sum drift og forvaltning	1 122 000
Sum 1B	2 066 000

Investering skjema 2A og 2B

Skjema 2A

Bruk av lån, unyttede lånemidler	(5 360 000)
Sum skjema 2A	(5 360 000)

Skjema 2B

Overføring kyrkja	4 700 000
Trafikksikringstiltak	2 750 000
Bø barnehage	(6 850 000)
Sæbø skule uteområde, meirkostnad	300 000
Radøy ungdomsskule oppgradering	1 100 000
Turveg/lysløype Manger	2 400 000
Straum til Klesvika	150 000
Inventar og utstyr Solhall	660 000
Prestegarden/Tingstova	150 000
Sum skjema 2B	5 360 000

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	19/892	19/7531

Kommunal garanti for lån Aufera AS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det ligg føre ny søknad om kommunal garanti for lån frå Aufera AS. Dette er eit fullt ut kommunalt eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Radøy har 47% av aksjekapitalen. Selskapet er ei godkjend VTA-verksemd.

Aufera AS søkte også om kommunal garanti i 2018 i samband med mogeleg overtaking av Manger Fiskeindustri sine lokale på Manger kai, men kjøpet vart ikkje realisert.

Denne søknaden gjeld overtaking av ein seksjon av gnr 45, bnr 264, der REMA 1000 tidlegare hadde lokale. Grunnflata er om lag 750m², nær det doble av arealet i noverande lokale. Større lokale gjev høve til å auka omsetninga i vaskeriet, verkstaden og kjøkkenet. Det kan også bli høve til å etablere ein «kafékrok» i tilknytning til kjøkkenet. Aufera har stor tru på at nye, større og meir høvelege lokale vil gje grei auke av omsetnaden. Det er lagt fram drifts- og likviditetsbudsjett som syner at dei auka rente- og avdragskostnadene kan forsvarast.

Det må gjerast omfattande ombyggingsarbeid i nye lokale, og det er innhenta tilbod på arbeida, som totalentreprise. Kostnadene til kjøp av seksjonen er 7,9 mill, og kostnadene til ombygging er 4,6 mill, til saman 12,5 mill.

Noverande eigedom i Mangersnesvegen har fått ein takst på 4 mill. Denne eigedomen skal seljast, og salssummen skal nyttast til nedbetaling av lån. Det er likevel uvisse knytt til faktisk salsverdi, og når eit slik sal let seg realisera.

Aufera AS søkjer såleis om kommunal garanti for lån kr 12,5 mill, med 30 års nedbetalingstid.

Vurdering

Når Aufera AS likevel søker om kommunal garanti, ser rådmannen dette i sammenheng med at både styret og generalforsamlinga har uttrykt klår støtte til å kjøpa den aktuelle seksjonen. Rådmannen vurderer såleis søknaden om garanti først og fremst som ei politisk sak, der ein ønskjer å «sikra» eit VTA-tilbod for noverande Austrheim, Fedje og Radøy.

Rådmannen vil peika på at ein kommunal garanti utgjer ein økonomisk risiko, sjølv med pant i eigedomen. Rentekostnaden på eit lån på 12,5 mill er kr 250.000 det første året, og dette går rett på «botnlina» i rekneskapen til Aufera . I praksis må omsetninga auka monaleg for å kunna dekkja inn denne meirkostnader. Avdrag vert ikkje kostnadsførte, men representerer ei årleg utbetaling på kr 416.666 i 30 år, og dette vil vera ein betydeleg likviditetsbelastning for selskapet. Rådmannen vil peika på styret i Aufera sitt ansvar for at selskapet faktisk er i stand til å greia denne auka belastninga over tid.

I samband med tidlegare sak om garanti for 2 mill, er det inngått avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstatert tap som følgje av garantien.

I «ytterste konsekvens» kan Radøy kommune risikera å tapa 47% av nær 14 mill, dvs om lag 6,6 mill. Rådmannen ser likevel denne risikoen som minimal. Skal ein først vurdere risiko, er det meir sannsynleg å tenkja ein situasjon der kommunen må dekkja t.d. ein avdragstermin på lånet som garantien er knytt til. Avtalen med Austrheim og Fedje tar ikkje opp i seg slike situasjonar, men dekkjer berre eit endeleg konstatert tap. Med så vidt lang garantitid som det er tale om her, må det difor etablerast ein ny avtale med Austrheim og Fedje, som også omfattar mogelege utbetalningar i garantiperioden.

Rådmannen føreset også at Radøy kommune får tinglyst pant i seksjonen for all garanti som er stilt, dvs 14,35 mill.

I høve til kommunesamanslåinga, vil Alver I prinsippet overta alle Radøy sine forpliktingar. Eigarskapsmeldinga for Alver skal opp til handsaming i fellesnemnda, og Aufera er nemnt som ei av verksemdene som må vurderast nærare. Dette skal etter planen gjerast i juni månad. Rådmannen ser likevel ikkje at denne handsaminga er noko hinder for å kunna gje kommunal garanti.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering, går rådmannen inn for å gje kommunal garanti for Aufera AS I samband med kjøp av seksjon i gbnr 45, bnr 264 med kr 12,5 mill.

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon i gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg

av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	18/1690	19/8567

Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet gav i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leia eit arbeid med å laga forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt faglege forslag er no lagt fram i form av ein rapport datert 1. april 2019: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf. Forslaget inneheld eit samla kunnskapsgrunnlag om verknadar av vindkraft på land - og eit kart: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE meiner er dei mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft.

I NVE sitt forslag er det peika ut 13 område som direktoratet meiner er dei mest eigna for vindkraft på land i Norge. Også innanfor dei utpeika områda vil det vera område som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar. NVE sitt forslag er retta inn mot framtidige utbyggingar av vindkraft.

Formannskapet i Radøy handsama 4. oktober 2018 sak om «Nasjonal ramme for vindkraft på land – innspel om regionale interesser». NVE ba den gongen lokale og regionale styresmakter om å koma med ytterlegare fagleg informasjon av overordna karakter som ville vera relevant i høve til det vidare arbeid med analyseområde.

Formannskapet kom i sak 066/18 med følgjande innspel:

Radøy kommune ser positivt på at det blir utarbeidd samla plan for vindkraft på land.

Me ber NVE ferdigstillast denne planen før realitetshandsaming av nye vindkraft-søknader.

Det er store interesser knytt til biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Radøy kommune meiner at analyseområde 18 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

No har NVE lagt fram sitt forslag til Nasjonal ramme for vindkraft på land, som er sendt på høyring

med høringsfrist 1. oktober.

Rådmannen legg saka fram til drøfting og vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Høringsnotat - nasjonal ramme for vindkraft rapport2019_12

Nasjonal ramme for vindkraft høringsbrev

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	14/1625	19/8241

Sambandet Vest - forslag til planprogram for kommunedelplan

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunedelplan for Sambandet Vest er eit interkommunalt fylkesvegprosjekt der kommunane Askøy, Meland, Radøy og Lindås er planmynde etter plan- og bygningslova (pbl). Planarbeidet er forankra i kommunestyret i kommunane, samt vedteke i Fellesnemnda for Alver kommune. Finansieringa til planarbeidet er gitt av Fellesnemnda gjennom midlar frå KMD. Føremålet med kommunedelplanen er å velja ein trasé for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy. Som grunnlag for planarbeidet med kommunedelplan (KDP) er det utarbeidd eit forslag til planprogram jf. pbl. og forskrift for konsekvensutgreiingar. Vegsambandet er av eit slikt omfang at det vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og tiltaket skal utgreiast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing.

Framlegg til planprogram inneheld bakgrunn og målsetting for planen og informasjon om konsekvensutgreiing, organisering, medverknad og framdrift i planarbeidet. Etter handsaming i formannskapet blir oppstart av planarbeidet med kommunedelplan (KDP) kunngjort, og forslag til planprogram lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til råka mynde og organisasjonar. Merknadsfristen er minimum seks veker. Innbyggjarar, høyringsetatar og andre råka partar kan då koma med merknadar til planprogrammet og innspel til planarbeidet. Etter høyringsperioden vil rådmannen oppsummera innkomne merknadar og innspel, og eventuelt revidera planprogrammet før det vert lagt fram for formannskapet for endeleg fastsetting. Planprogrammet vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet med kommunedelplan og tilhøyrande konsekvensutgreiing (KU).

Sambandet Vest vart opphavleg etablert for å knytta saman regionane Sotra/Øygarden, Askøy og Nordhordland i ein felles bu- og arbeidsmarknad for å styrke grunnlaget for næringsutvikling og busetting i desse regionane. Med dette ville ein styrka transportberedskapen i Bergensområdet og avlasta Bergen sine sentrale delar for gjennomkøyring. Sidan 2012 er det lagt ned arbeid i prosjektet. Det er utarbeidd eit forprosjekt med tilleggsutgreiing der det mellom anna er sett på brualternativ, transportmodellar og finansieringsløyisingar. Det er og laga fleire illustrasjonar, samt gjort seismiske undersøkingar ved Herdla og Bognestraumen. I 2016 vart det utarbeidd ein konseptanalyse der det

vart gjort kartleggingar og vurdert ulike konsept for sambandet som også innebar kryssing sør på Askøy/Meland.

I løpet av vårparten 2019 er det utarbeidd ein silingsrapport av ulike traséalternativ (vedlegg til dette planprogrammet) som er grunnlag for dei tilrådde alternativa som skal utgreiast i planarbeidet.

Utarbeiding av planprogram er første fase i planarbeidet, og er obligatorisk ved oppstart av alle kommunedelplanar. Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklare rammer og premiss for arbeidet. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva alternativ som skal utgreiast, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva utgreiingar som må til for å synleggjere vesentlege verknadar av tiltaket. Planprogrammet skal også presentere eit opplegg for informasjon og medverknad frå råka partar, innbyggjarar og interessentar.

Mål: Som omtalt i planprogrammet er det vist til overordna mål om regional og nasjonal transportpolitikk. Hovudmålet i prosjektet er definert slik:

Sambandet Vest skal binda saman Askøy og Nordhordland for å leggja til rette for næringsutvikling og busetnad, samt styrka transportberedskap på det regionale hovudvegnettet.

Med grunnlag i hovudmåla er det formulert effektmål som konkretiserer måla og som nyttast som del av silingskriteria ved val av alternativ, og for å vurdere måloppnåing som del av konsekvensutgreiinga i KDP.

Tiltaket: I planprogrammet står det at KDP skal avklara utforming av vegtiltaket, der vegstandard er avhenging av kva alternativ som vert valt. I utgangspunktet skal det etablerast kryss og tilkomst til dei viktigaste fylkesvegane i området (fv. 223/562 Askøy, 564 Holsnøy og 409/565 Radøy). Det skal etablerast gang- og sykkeltilbod langs traséen, samt setjast av areal til god kollektivbetening der dette er tenleg. Dersom det vert avdekket behov for fråvik frå gjeldande vegnormalar skal dette godkjennast av Vegdirektoratet før planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Kostnadsutrekning skal gjennomførast etter SVV sin anslagsmetode, der nøyaktigheit er +/- 25%. Planarbeidet må skissera løysing for massehandtering, men konkrete areal for deponi skal først avklarast i reguleringsplanfasen.

Alternativ: Planprogrammet viser til vedlegg 1: Silingsrapport. I denne rapporten er det forklart prosessen og argumentasjon for korleis ein har kome fram til dei tilrådde alternativa for utgreiing i KDP. I silingsprosessen vart det forkasta fleire forslag til traséar, men det står att 4 gjennomgåande alternativ med variantar som skal vurderast i KDP med KU. Dette er alternativa: Aa3, Aa4, Ca1 og Ca2. Sjå kap. 6.3 i planprogrammet for alternativa som skal vurderast nærmare. Innanfor Radøy kommune sitt areal er det berre eitt overordna traséalternativ som er tilrådd inn i planarbeidet. Alternativet svarar til eit konsept som er vedteken av formannskapet tidlegare. I silingsrapporten kjem det fram argument for kvifor andre løysingar på Radøy har vorte forkasta.

Program for utgreiingar: Planprogrammet skisserer opplegg for utgreiing, der Statens vegvesen si handbok V712 skal leggast til grunn for konsekvensutgreiinga. Denne samfunnsøkonomiske metoden går ut på å vurdere prissette konsekvensar (verknadar som kan målast i kroner) og ikkje-prissette konsekvensar (verknadar som ikkje kan bereknast i kroner, som til dømes verdiar innan friluftsliv, naturmangfald og kulturarv), som tiltaket vil føra til. Verknadane skal vurderast opp mot eit referansealternativ, eit såkalla 0-alternativ (som betyr dagens situasjon inkl. planar som allereie er vedteke og realiserbare for området). I tillegg skal det vurderast lokale og regionale verknadar, samt ROS-analyse. Til slutt skal alternativa vurderast opp mot måla i prosjektet (måloppnåing). Til saman skal desse vurderingane vera eit grunnlag for tilråding av alternativ.

Organisering og medverknad: Det er etablert ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe som held fram med arbeidet med KDP (representantar frå kommunane), i tillegg skal det kallast inn ei ekstern referansegruppe etter kvart. Silingsrapporten (vedlegg til dette planprogrammet) vart forankra i politisk styringsgruppe i møte 1. april 2019. Planprogrammet skisserer denne førebels framdriftsplanen KDP Sambandet vest:

Planlagt fremdrift	Tidspunkt
Melding om oppstart planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn	Juni 2019
Høyring planprogram	Juli-august 2019
Vedtak planprogram	September 2019
Utarbeiding av kommunedelplan med KU	Haust 2019 – haust 2020
Framlegg av kommunedelplan til offentleg ettersyn	Vinter 2021
Vedtak kommunedelplan	Vår 2021

Folkehelseperspektiv:

I konsekvensutgreiinga vil verknadar på folkehelsa utgreiast som del av tema «friluftsliv og bygdemiljø (rekreasjon)». Temaet omfattar område med verdi for allmenta si høve til å drive friluftsliv som ein aktivitet som fremjar helse, og som skapar trivsel i både skog, mark og nærmiljø. Blant anna kan positiv effekt nåast ved å gjera det meir attraktivt å gå/sykla i kvardagen, samtidig som eksisterande bumiljø tett opp til det planlagde vegsambandet kan råkast negativt ved endring i støy/luftforureining.

Miljø: Nytt samband med nye bruer vil sannsynleg ha direkte negativ effekt på fleire av dei ikkje-prissette tema - landskapsbilete, naturmangfald, naturressurs og kulturarv ved arealbeslag. Konsekvensutgreiinga som skal utarbeidast i planarbeidet vil synleggjera tiltaket sin påverknad på miljøet.

Økonomi:

Som del av konsekvensutgreiinga vil dei prissette konsekvensane bli vurdert samla i ein nytte-kostnadsanalyse. Statens vegvesen sitt standardprogram EFFEKT skal nyttast som verktøy i vurderinga, der det vert lagt vekt på kostnadar og inntekter (nytte) for trafikantar, operatørar, det offentlege og resten av samfunnet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan Sambandet vest, datert 04.05.19, vert lagt ut på offentleg høyring og ettersyn, samt at det varslast oppstart av arbeid med kommunedelplan for Sambandet vest. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-13 og 11-12, samt forskrift om konsekvensutgreiing § 6.

Vedlegg:

Sambandet_vest_planprogram_Høringsutkast

Sambandet Vest - orientering formannskap Radøy (4)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2019	Formannskapet i Radøy	PS	06.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1196	19/8327

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker.

- a. Regionrådet Nordhordland – møteprotokoll 22. mars
- b. Bergen reiselivslag mars 2019 – presentasjon i regionrådet
- c. Nordhordland – folketal og demografi 01.01.2019 – presentasjon i regionrådet
- d. Nordhordland – nøkkeltal 2018 og utvikling – presentasjon i regionrådet
- e. Samarbeid mellom skule og næringsliv – presentasjon i regionrådet
- f. Arbeidsledige i Nordhordland – årsrapport – presentasjon i regionrådet
- g. Heving av U-864 – presentasjon i regionrådet
- h. Nye innbyggjarportalar – presentasjon i regionrådet
- i. Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland – presentasjon i regionrådet
- j. Skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane – fordeling, Fylkesmannen i Vestland
- k. Søknad om skjønsmidlar 2019 – prioritering Region Nordhordland
- l. Nordhordland Revisjon IKS – møteutskrift styret 06.05.2019
- m. Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen – uttale Fellesnemnda AU – Vestland fylkeskommune
- n. Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS – representantskapsmøte protokoll
- o. Norsk Kulturforum Hordaland og Sogn og Fjordane – referat felles styremøte 21.03.19
- p. Trygg Trafikk – landsmøte 2019 – protokoll
- q. Meland kommune – uttale til framlegg om å etablera bomstasjon ved Nordhordlandsbrua
- r. Møteplan hausten 2019
- s. Sjukefråvers-prosjekt - status – presentasjon v/personalsjef Kjetil Morken
- t. Orienteringar frå rådmann og ordførar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Protokoll Regionrådet 2-2019, 22. mars

Bergen reiselivslag mars 2019 - presentasjon i regionrådet

Nordhordland - folketal og demografi 01.01.2019 - presentasjon i regionrådet

Nordhordland - nøkkeltal 2018 og utvikling - presentasjon i regionrådet

Samarbeid mellom skule og næringsliv - presentasjon regionrådet

Arbeidsledige i Nordhordland - årsrapport - presentasjon regionrådet

Heving av U-864 - presentasjon i regionrådet 22. mars

Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - presentasjon i regionrådet

Prosjektskjønn2019-fordeling

Prosjektskjønn - prioritering frå Region Nordhordland

Nye innbyggjarportalar - presentasjon i regionrådet

Nordhordland Revisjon IKS - møteutskrift styret 06.05.19_signert

Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i Helse V (L)(299318)

Uttale AMK-sentral luftambulansen

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS - representantskapsmøte protokoll 02.05.2019

Norsk kulturforum Hordaland og Sogn og Fjordane - referat felles styremøte 21.03.19

Trygg Trafikk - landsmøte 2019 protokoll

Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlands (L)(299869)

Møteplan haust 2019